



## ÅRSMELDING FOR 2025

**Styret og anna representasjon i 2025:**  
*Årsmøte blei halde 05. mars 2025 i Nye Sjodar på Evju bygdetun.*

**Styret i 2025:**

*Peder Rekkedal, leiar, Torstein Fosstveit, Birgit Norendal, Pål Toreid, Kirsti Hegna og Olav Forberg.*

*Varamedlemer: Johannes Ryen og Olav Morten Sauar.*

*Tor Arne Aarnes har hjelpt til med digitale utfordringar.*

*Revisorar: Gunhild Kleven Ripegutu og Aslak Gunheim*

*Valnemnd: Audun Grane og Tor Arne Aarnes*

*Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit er historielaget sin representant til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museumslag. Peder Rekkedal er historielaget sin representant i styret.*

*Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.*

**Medlemer og æresmedlemer**

Talet på medlemmer pr. 31.12.25 er 90 betalande.

Historielaget hadde følgjande æresmedlemer i 2025:  
Bjørn Holta og Ole Thor Ripegut.

*Styret har hatt 6 styremøte i 2025, utover det har det vore jamleg kontakt på telefon og epost når det har vore naudsynt.*

*Styremedlemer og andre medlemer har arbeidd aktivt med følgjande prosjekt i 2025:*

Arbeidet med å få reist eit minnesmerke over togulukka ved Hjuksebø i 1950 vart det største og viktigaste arbeidet for historielaget dette året. Ymse sider ved arbeidet blei diskutert og planlagt i totalt 8 styremøte i -24 og 25

**Takk til :**

**BaneNor**

**Nordagutu Vel**

**Midt-Telemark kommune**

**Telemark fylkeskommune**

**Skue Sparebank**

**Sparebankstiftinga i Bø**

**Takk til Arnt Darrud som designa og utforma minnesmerket, også til alle andre som hjalp med innspel, gode råd og praktiske løysingar.**

**Det blei ein vakker bauta plassert på Nordagutu stasjon; eit fint arrangement med minneord, musikk ved Alf Tveit, blomar ved minnesteinen og deretter bevertning og samtalar om hendinga på Nordagutu sambruksanlegg.**

Det var om lag 130 som møtte på eit fint pynta sambruksanlegg.

Minner om hendinga og korleis den påvirka lokalmiljøet blei delte.

Trass i at det hadde gått 75 år sidan hendinga, møtte etterkomarar og nære slektningar, og det var særst gledeleg at mange av dei uttrykte glede og takksemnd for at minnesmerket blei reist.

**Sauherad-kalenderen** er eit årvisst samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blei i år trykt i 400 eksemplar. Omlag 350 er selde, dei fleste frå forretningar i Bø, på Gvarv og Nordagutu, og ein del på messer og privat/organisasjonar.

### **Møllarguten - foredrag, film og musikk.**

Historielaget hadde ansvar for ein sers velukka kveld med film, foredrag om, og musikk etter Møllarguten i Nye Sjodar 24.mars . Annfrid Berget Haukeland fortalde frå boka si om Møllarguten og Alf Tveit spela. Dette var i samband med 50-årsfeiringa av Evju bygdetun.

### **Utvandrarjubileet “Crossings200”**

vart markert med eit foredrag kalla “Ørkenen Sur” av Thor Gotaas i Gullbring Kulturanlegg. Dette var i regi av Midt-Telemark museumsleg.

### **Andre aktivitetar:**

Historielaget samarbeider med Nordagutu Vel om bevaring av restar etter Saude Bruk ved Kolahuset.

Vi deltok ved Gåramessa 06. juli -25

Vi hjalp til ved opninga av jubileumsutstillinga for Evju bygdetun 50 år, 26.juli -25

Vi var til stades ved Eplefesten på Gvarv 27.sept.-25

**Midt-Telemark Museumsleg** er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag. Formålet er å styrke arbeidet med kulturarv i Midt-Telemark.

### **Økonomien i Sauherad Historielag er grei.**

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemer, andre interesserte og organisasjonar vi har aktivitetar saman med.

Gvarv, mars 2026

*Peder Rekkedal, Torstein Fosstveit,  
Birgit Norendal, Pål Toreid, Kirsti  
Hegna og Olav E. Forberg.*

Sign.